

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

03.10.2016

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 12.10.2016 kl. 15.30
på rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 14/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.05.2016
- « 15/16 - Ørskog kommune i ROBEK-registeret
- « 16/16 - Kjøp av advokattenester i Ørskog kommune
- « 17/16 - Rutinar for behandling av innkomen post
- « 18/16 - Plan for selskapskontroll i Ørskog kommune
- « 19/16 - Drøfting av plan for forvaltningsrevisjon i Ørskog kommune
- 20/16 - Eigenvurdering av uavhengigheit frå revisor
- « 21/16 - Praktisering av lov om offentlege innljøp i Ørskog kommune
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 9. mai 2016 kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Kaja Kongsnes, May-Sissel Osvik og Øystein Eide

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Ørskog kommune møtte fungerande ordførar Geir Peter Aure, rådmann Synnøve Vasstrand Synnes og økonomisjef Magny Hauge Dyrkorn.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Det kom opp ei sak under eventuelt.

SAK 08/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 25. februar 2016 blir godkjent.

SAK 09/16

ÅRSMELDING 2015 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.05.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Ørskog kommune til orientering.

SAK 10/16**KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.05.2016

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2
3. Kontrollutvalet viser til det negative rekneskapsresultatet og presiserer at det er ei viktig oppgåve å få kommunens økonomi i balanse.
4. Kontrollutvalet vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2016.

SAK 11/16**MANGLANDE SVAR PÅ BREV SENDT KOMMUNEN**

Saksdokument frå kontrollutvalgsekretariatet datert 2. mai 2016

Rådmannen beklaga det som hadde skjedd, men opplyste at rutinane for behandling av post skal vere gode slik at det som skjedde var ein glipp. Ho opplyste også at kommunen har hatt møte med han som klaga.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil sjå nærare på kommunen sine postrutinar seinare.

SAK 12/16**ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM BRUK AV ANBODSPRINSIPPET VED KJØP AV ADVOKATTENESTER**

Rådmannen opplyste at kommunen ikkje har avtale med nokon advokat og har ingen sokalla kommuneadvokat. Kommunen vel advokat ut i frå behov for spesielle tenester. Ho presiserte at lov om offentlege innkjøp også gjeld for advokattenester.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å følgje opp når det gjeld kjøp av advokattenester for 2014 og 2015.

SAK 13/16**ANBOD VED BRUK AV AVFALLSKONTEINARAR (Saka kom opp under eventuelt)**

Øystein Eide reiste spørsmål ved om anbod er nytta. Fungerande ordførar opplyste at ordninga var lovleg og vedteken av kommunestyret og av ein del av dei tenestene ÅRIM IKS leverer. Temaet har også vore teke opp i styrande organ i ÅRIM IKS og gjeld hytterenovasjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å følgje opp ved forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS som har starta opp.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Målfrid Sjøstad
nestleiar
(sign.)

Kaja Kongsnes
medlem
(sign.)

May-Sissel Osvik
medlem
(sign.)

Øystein Eide
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 03.10.2016

**SAK 15/16
ØRSKOG KOMMUNE I ROBEKREGISTERET**

Ørskog kommune har no kome inn under ei ordning med betinga statleg godkjenning av og kontroll med økonomiske forpliktelsar etter kl. § 60, ROBEK.

Slik kontroll skal settast i verk dersom:

- a. Kommunestyret har vedteke å fastsette eit årsbudsjett utan at alle utgiftene er dekt inn på budsjettet
- b. Kommunestyret har vedteke å fastsette ein økonomiplan utan at alle utgiftene er dekt inn i økonomiplanen.
- c. Kommunestyret etter kl. § 48 nr. 4 andre punktum har vedteke at et rekneskapsmessig underskot skal fordelast over utover det påfølgjande budsjettåret etter at rekneskapen er lagt fram
- d. Kommunen ikkje følgjer vedteken plan for dekning av underskot.

Dersom ein kommune kjem inn under eit av dei punkta som er nemnt ovanfor vil kommunens budsjettvedtak bli teke opp til lovlegkontroll. Vidare krevst det statleg godkjenning av opptak av lån og vedtak om langsiktige avtalar om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar som kan påføre kommunen utgifter utover dei nærmast 4 budsjettåra.

Det er også stilt krav om at ein kommune som er registrert i registeret må orientere sine kontraktspartar ved inngåing av kontrakt som krev godkjenning.

Der er problemstillingar knytt til dekking av underskot som har ført Ørskog kommune inn i ROBEK-registeret.

Ved behandlinga av rekneskap 2014 i kommunestyre i sak 37/15 vart det gjort vedtak om å dekkje underskotet ved bruk av disposisjonsfond. Rekneskapen for 2015 gjekk også i underskot og her var, på grunn av strykningsbestemmelsar og lav budsjettert bruk av frie fond, ikkje midlar att til underskotsdekning. Tilstrekkeleg stor budsjettert bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen i 2015 ville ha medført at kommunen ikkje hamna i ROBEK-registeret.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVASEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 03.10.2016

SAK 16/16
KJØP AV ADVOKATTENESTER I ØRSKOG KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Oversikt over utgifter til advokattenester 2014 og 2015

I sak 12/16 ga rådmannen ei orientering om kjøp av advokattenester. Rådmannen opplyste at kommunen ikkje har avtale med nokon advokat og har ingen sokalla kommuneadvokat. Kommunen vel advokat ut i frå behov for spesielle tenester. Ho presiserte at lov om offentlege innkjøp også gjeld for advokattenester.

Nokre av krav i regelverket som gjeld relativt småe kjøp

Krav ved beløpsgrense på 100.000 kroner:

- Innkjøpet skal vere basert på konkurranse
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokol

Ein skal også tilstrebe ei enkel form for konkurranse ved kjøp under 100.000 kroner.


Krav ved beløpsgrense på 500.000 kroner:

- Innkjøp skal gjerast i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser og del 2 og skal vere utlyst på Doffin-basen
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

Lova og forskrifta stiller krav om konkurranse, likebehandling, forutsigbarheit, gjennomsigtigheit og etterprøvbarheit. I tillegg er det krav om dokumentasjon slik at det kan bli høve til kontroll og overprøving.

Innkjøpa frå den enkelte advokat er relativt småe der kvart enkelt ikkje krev særleg konkurranse. Opplysning om kommunen har brukt konkurranse ligg ikkje føre. Eg reknar med dette blir avklara i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sentraladministrasjonen

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS

Vår ref.
16/6528-FA - X48/SYSY

Dykkar ref.

Dato:
22.09.2016

Oversikt over utgifter til advokattenester 2014 og 2015

Viser til førespurnad motteke på epost 09.09.16.

Vedlagt følger oversikt over kommunen sine utgifter til advokattenester i 2014 og 2015, fordelt på omsetjing pr advokat, samt fordelt på dei sakene der advokat har vore nytta. Underbilag kan ettersendast om ønskjeleg.

Håper oversikta er tilfredstillande i forhold til det som er etterspurt.

Med helsing

Synnøve Vasstrand Synnes
Rådmann

Dok.dato
22.09.2016

Tittel
Advokatutgifter 2014-2015

Dok.ID
121904

Advokatutgifter Ørskog kommune 2015

Art: 1270 Juridisk bistand/rettsaker/1271 Konsulent	Fakturanr.	Eks.mva	mva	Inkl.mva	Ansvar	Oppfølging tekn. Off. ansk.	Arbeidsrett/ oppseiing tilsett	Vurdering husleigeforh old
STEENSTRUP STORDRANGE	408197	1236,00	309,00	1545,00	1200	1545,00		
STEENSTRUP STORDRANGE	409837	1648,00	412,00	2060,00	1200		2060,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	420445	4448,00	1112,00	5560,00	1200		5560,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	414155	4120,00	1030,00	5150,00	3730		5150,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	419239	13840,00	3460,00	17300,00	3730		17300,00	
Advokatene Flisnes & Co	2242	12000,00	3000,00	15000,00	3730		15000,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	420447	7828,00	1957,00	9785,00	3730		9785,00	
Advocator Advokatfirma as	12127	17550,00	4387,50	21937,50	div.bygg.			21937,50
T O T A L T		62670,00	15667,50	78337,50		1545,00	54855,00	21937,50

Art: 3270 Juridisk bistand	Fakturanr.	Eks.mva	Mva	Inkl.mva	Ansvar	Hole Maskin - Øyravegen	Hestesport
STEENSTRUP STORDRANGE	408202	13512,00	3378,00	16890,00	7600	16890,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	409832	2060,00	515,00	2575,00	7600	2575,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	410786	4120,00	1030,00	5150,00	7600	5150,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	412649	824,00	206,00	1030,00	7600	1030,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	419234	6096,00	1524,00	7620,00	7600	7620,00	
STEENSTRUP STORDRANGE	419237	8259,00	2064,75	10323,75	1200		10323,75
STEENSTRUP STORDRANGE	412651	1648,00	412,00	2060,00	1200		2060,00
STEENSTRUP STORDRANGE	414152	5272,00	1318,00	6590,00	4000		6590,00
STEENSTRUP STORDRANGE	408210	8980,00	2245,00	11225,00	4000		11225,00
STEENSTRUP STORDRANGE	420444	1236,00	309,00	1545,00	4000		1545,00
T O T A L T		52007,00	13001,75	65008,75		33265,00	31743,75

Art: 3522 Andre utlån					Inkl mva.	Ansvar	Gangveg Giskemo/ Amdam
Steenstrup stordrange	410795				11225,00	9700	11225,00
Steenstrup stordrange	414153				15345,00	9700	15345,00
Steenstrup stordrange	415709				14315,00	9700	14315,00
Steenstrup stordrange	419238				4635,00	9700	4635,00
Steenstrup stordrange	420446				14935,00	9700	14935,00
Steenstrup stordrange	421348				3605,00	9700	3605,00
Totalt					64060,00		64060,00

Sammendrag					Totalt drift 2015 Ørskog kommune	Totalt inv. 2015 Ørskog kommune	Totalt inv.2015 forskotterin g gangveg	Totalt 2015
Stenenstrup Stordrange					41400	65008,75	64060,00	170468,75
Advokatene Flisnes & Co					15000			15000
Advocator Advokatfirma as					21937,5			21937,5
					78337,5	65008,75	64060,00	207406,25

Advokatutgifter Ørskog kommune 2014

Art: 1270 Juridisk bistand/rettsaker/1271 Konsulent	Fakturnr.	Eks.mva	mva	Inkl.mva	Ansvar	Erst.krav Sjøholt næringsbygg/Sønderl.	Arbeidsrett/ oppseiing tilsett	Gen.rådgj. Planmøte
STEENSTRUP STORDRANG	389495	22788,75	5697,19	28485,94	1000	28485,94		
STEENSTRUP STORDRANG	392703	33990,00	8497,50	42487,50	1000	42487,50		
STEENSTRUP STORDRANG	392698	1931,25	482,81	2414,06	1200			2414,06
STEENSTRUP STORDRANG	393944	6952,50	1738,13	8690,63	1000	8690,63		
STEENSTRUP STORDRANG	396999	8497,50	2124,38	10621,88	1000	10621,88		
STEENSTRUP STORDRANG	396993	772,50	193,13	965,63	3200		965,63	
STEENSTRUP STORDRANG	397073	15836,25	3959,06	19795,31	3200		19795,31	
STEENSTRUP STORDRANG	397929	772,50	193,13	965,63	3200		965,63	
STEENSTRUP STORDRANG	397936	12746,25	3186,56	15932,81	3200		15932,81	
STEENSTRUP STORDRANG	398923	51772,50	12943,13	64715,63	3200		64715,63	
STEENSTRUP STORDRANG	398921	772,50	193,13	965,63	1000	965,63		
Wold&Co	11.09.2014	24000,00	6000,00	30000,00	3200		30000,00	
T O T A L T		180832,50	45208,13	226040,63		91251,58	132375,01	2414,06

Art: 3270 Juridisk bistand	Fakturnr.	Eks.mva	Mva	Inkl.mva	Ansvar	Hole Maskin - Øyravegen
STEENSTRUP STORDRANG	397072	2703,75	675,94	3379,69	7600	3379,69
T O T A L T		2703,75	675,94	3379,69		3379,69
Sammendrag						
				Totalt drift 2014 Ørskog kommune	Totalt inv. 2014 Ørskog kommune	Totalt drift og inv. 2014
Stenenstrup Stordrange				196040,63	3379,69	199420,32
Wold&Co				30000,00		30000,00
				226040,63	3379,69	229420,32

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 03.10.2016

SAK 17/16
RUTINAR FOR BEHANDLING AV INNKOMEN POST

Som vedlegg følger:

- Rutine for behandling av inngående post – brevpost og e-post

I kontrollutvalsak 11/16 vart følgjande vedtak fatta:

Kontrollutvalet vil sjå nærare på kommunen sine postrutinar seinare.

Bakgrunnen for saka var manglande svar på brev sendt til kommunen.

Rådmannen beklaga det som hadde skjedd, men opplyste at rutinane for behandling av post skal vere gode slik at det som skjedde var ein glipp. Ho opplyste også at kommunen har hatt møte med han som klaga.


Feil kan skje sjølv om det ligg føre gode rutinar. Rutinane i seg sjølv er ingen garanti for at feil ikkje skjer, dei må etterlevast og bli implementert i den daglege drifta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sentraladministrasjonen

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS

Vår ref.
16/6331-FA - L12/SYSY

Dykkar ref.

Dato:
14.09.2016

Rutine for handsaming av inngående post

Viser til mail 09.09.16 der Kontrollutvalssekretariatet har bede om å få oversendt rutinar for journalføring/svar på innkomen post.

Det er utarbeidd rutine for handsaming av innkomen epost samt for handsaming av brevpost.

Rutinane er ein del av kommunen sitt kvalitetssystem, som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Rutinane følgjer vedlagt.

Med helsing

Synnøve Vasstrand Synnes
Rådmann

Dok.dato
14.09.2016
14.09.2016

Tittel
Rutine for handsaming av epost
Rutine for handsaming av
brevpost

Dok.ID
121586
121587

Rutine for handsaming/journalføring av brevpost for Ørskog kommune.

Status:	Gjeldende
Ikrafttredelse:	23-07-2015
Type:	Rutiner
Utstedelse:	23-07-2015
Sist revidert:	23-07-2015
Neste revisjon:	23-07-2016
Ansvarlig:	Åse Karin Gjære
Redaktør:	Janette Steinvik
E-post:	janette.steinvik@orskog.kommune.no

Rutine for handsaming/journalføring av brevpost for Ørskog kommune.

1. Føremål

Føremålet skal vere retningsgjevande for dokumenthandsaminga i Ørskog kommune. Det overordna målet er å få ei kontrollert handsaming av posten slik at ein heile tida har oversikt over Ørskog kommune sin fullstendige dokumentproduksjon. Dette oversynet skal omfatte både arkiverte dokument og dokument som midlertidig er oppbevart utanfor arkivet.

2. Ansvar og omfang

Arkivansvaret er ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen, jfr. Kommunelova §23.

Det daglege ansvaret for arkivet er delegert til Stabsleiar Sørviskontoret.

Alle saksbehandlarar som handsamar arkivverdig post (inngåande og utgåande) er ansvarleg for at dette vert journalført.

3. Definisjonar

Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelde for samtid og ettertid.

4. Rutine

Forskriftene i arkivlova krev at all inngåande post skal leverast til arkivtenesta for sortering og journalføring før den går til sakshandsamar, jfr. Arkivlova m/forskrift §3-1 og §3-4.

Alle sakshandsamarane på Ørskog rådhus har posthyller på sørviskontoret. Ikkje arkivverdig post blir skilt ut og lagt direkte i sakshandsamar si posthülle.

Personleg adressert post, dvs. brev der personnamnet er nemnt før namnet på organet, skal leverast uåpna til adressaten. Dersom brevet viser seg å vere eit saksdokument for organet, skal det straks returnerast til arkivtenesta og behandlast som post til organet.

Brevpost levert direkte til sakshandsamar skal snarast leverast til arkivtenesta for journalføring.

Alle avdelingar/einingar i Ørskog kommune har interne posthyller på sørviskontoret. Post til Ørskog sjukeheim, heimetenesta, butenesta, legekantoret, PPT-kantoret, NAV, psykiatrisk sjukepleiar blir lagt uåpna direkte i posthyllene. Dei ovannemnde etatane er sjølv ansvarleg for å returnere til arkivtenesta arkivverdig post som skal journalførast i Acos.

Post stila til barnevernet skal sendast uåpna til Storfjorden barnevern, 6260 Skodje.

Arkivtenesta handterer post stila til etatane på Ørskog rådhus, Skarbø skule, Sjøholt skule, Ørskog voksenopplæring, Ørskog kulturskule, Årøyhaugen barnehage og Vaksvik barnehage.

Arkivtenesta handterer all post for Nordre Sunnmøre landbrukskontor, som kommunane Stordal, Ørskog, Skodje, Sula og Ålesund er tilknytta. Landbrukskontoret er interkommunalt, og har difor eigen journalenhet i Acos.

I samband med opninga av posten skal det gjennomførast arkivavgrensing jfr. Arkivlova m/forskrift §3-19.

All arkivverdig post skal journalførast i Acos. Før scanning og journalføring skal alle dokument stemplast med mottattdato. Konfidensiell post stemplast i tillegg med eige raudt stempel merka «Unnt.Off.» Alle dokument skal knytast til ei arkivsak. Opprett ny arkivsak dersom det er naudsynt. Arkivsaka skal identifisere kva saka gjeld, og journalposten skal identifisere kva dokumentet gjeld.

Anbud som blir motteke pr. post, eller blir levert direkte på sørviskontoret skal påførast datostempel, klokkeslett og signatur. Anbuda skal takast vare på av arkivtenesta til anbudsfristen er ute. Anbuda skal då leverast **uåpna** til sakshandsamar.

5. Referansar

Kommunelova

Offentlegheitslova

Arkivlova m/forskrift

6. Vedlegg

Rutine for handsaming/journalføring av e-post for Ørskog kommune

Status:	Gjeldende
Ikrafttredelse:	23-07-2015
Type:	Rutiner
Utstedelse:	23-07-2015
Sist revidert:	23-07-2015
Neste revisjon:	23-07-2016
Ansvarlig:	Åse Karin Gjære
Redaktør:	Janette Steinvik
E-post:	janette.steinvik@orskog.kommune.no

Rutine for handsaming/journalføring av e-post for Ørskog kommune

1.Føremål

Føremålet skal vere retningsgjevande for dokumenthandsaminga i Ørskog kommune. Det overordna målet er å få ei kontrollert handsaming av posten slik at ein heile tida har oversikt over Ørskog kommune sin fullstendige dokumentproduksjon. Dette oversynet skal omfatte både arkiverte dokument og dokument som midlertidig er oppbevart utanfor arkivet.

2. Ansvar og omfang

Arkivansvaret er ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen, jfr. Kommunelova § 23.

Det daglege ansvaret for arkivet er delegert til Stabsleiar Sørviskontoret.

Alle saksbehandlarar som handsamar arkivverdig post (inngåande og utgåande) er ansvarleg for at dette vert journalført.

3. Definisjonar

Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.

4. Rutine

I samband med journalføring av e:post skal det gjennomførast arkivavgrensing, jfr. Arkivlova m/forskrift § 3-19.

Dokument som blir mottekne via e:post, og som etter form eller innhald må reknast som saksdokument for organet, skal arkivmessig handsamast som anna sakspost. Sakshandsamar har sjølv ansvar for å journalføre arkivverdig e- post som sakshandsamar mottek direkte, eller snarast sende den til journalføring via e-postadresse post@orskog.kommune.no eller til arkivtjenesta si e-postadresse.

E- post blir journalført via Outlook.

5. Referansar

Kommunelova

Offentlegheitslova

Arkivlova m/forskrifter

6. Vedlegg

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 03.10.2016

**SAK 18/16
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I ØRSKOG KOMMUNE**

OM SELSKAPSKONTROLL

Det første underbegrepet innan selskapskontroll er "eigarskapskontroll". Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: "... *kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).*" Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er "forvaltningsrevisjon av selskap". Det er omtalt i kontrollutvalsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunktene kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR

Rekneskapatil aksjeselskap og interkommunale selskap blir revidert av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtektene til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: *"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m."* Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspekar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudbegrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er nødvendig for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei relativ ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforskning), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør

kommunestyret vere merksam på at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

1.4 EIGARSKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

1.5 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheiter til å føre kontroll, men har ikkje føresegnar om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timar enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtektene for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal

ha eit overorda ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltakande kommunane. Dette vil sjølvsagt ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

”Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.”

1.6 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR

Selskap der det også er private eigarar med, skaper større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

1.7 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det løpande tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der

mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarende. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndigheit. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

1.8 OMFANGET AV INNSYNSRETTE

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemdar som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

KRAV TIL SELSKAPSKONTROLLEN

Ein selskapskontroll må bygge på ei overordna analyse som igjen bygg på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Ei overordna analyse som skal vere overordna skal ikkje krevje store ressursar å få til.

Det bør det skaffast oversikt over, jf. vedlagte note frå rekneskapen.

- Kva bedrifter kommunen eig
- Korleis kommunen forvaltar eigarskapen i sine bedrifter
- Kor vesentleg er det enkelte selskap
- Kva for risiko er knytt til eigarskapen
- Kva selskap er aktuelle for kontroll

Når det gjeld vesentlegheit vil størrelsen på selskapa ha betydning. Men dersom kommunane ikkje har uttrykt tydelege mål med å eige så er det også vanskeleg å vurdere om måla er nådd og konsekvensane av at måla ikkje blir oppnådd. Måla skal gå fram av eigarskapsmeldingane. Ørskog kommune har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding.

Kontrollutvalsekretariatet er på noverande tidspunkt ikkje kjent med spesiell risiko i selskapa. Er risikoen i eit selskap vurdert som stor, kan det være aktuelt med ein forvaltningsrevisjon. Uansett er forvaltningsrevisjon eit unntakstilfelle og er særers ressurskrevjande. Det er pr. i dag i gang ein forvaltningsrevisjon i eit av selskapa. Mandatet skriv seg frå førre periode.

Å ha selskapskontroll i alle selskapa er ikkje føremålstenleg og ikkje i tråd med krava i forskriftene om at ein skal prioritere ut i frå risiko og vesentlegheit.

I praksis er det i kommunalt heileigde selskap det er mest realistisk med selskapskontroll. Størrelsen på kommunen sitt engasjement vil også være avgjerande. For dei heileigde kommunale selskapa der kommunen er medeigar saman med andre kommunar vil selskapskontrollen eventuelt skje i regi av kontorkommunen.

Det mest naturleg er å konsentrere seg om korleis kommunen følgjer opp dei store selskapa. Eventuell kommunal støtte til selskapa er også av interesse å få kartlagt.

Korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap kan reknast som sjølv hovudproblemstillinga i selskapskontroll og det er det spørsmålet eigarskapskontrollen er meint å gi svar på. Ettersom kommunen ikkje har eigarskapsmelding, er det naturleg å avgrense selskapskontrollen til korleis kommunen fører tilsyn med opptrer som eigar.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretek sine eigarinteresser.

Harald Rogne
dagleg leiar

Note 3 – Garantiansvar

Garanti gitt til Ørskog Samfunnshus AL – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 31.12.2018, garantisum: kr 662.500)	kr 125.418
Garanti gitt til Ørskog Samfunnshus AL – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 31.07.2018, garantisum: kr 480.000)	kr 256.811
Garanti gitt til Ørskog kino – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 28.02.2022, garantisum: kr 320.000)	kr 142.263
Garanti gitt til Ørskog Idrettslag – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 30.09.2023, garantisum: kr 800.000)	kr 620.000
Garanti gitt til Vaksvik Vassverk SA – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 31.12.2017, garantisum: kr 250.000)	kr 29.811
Garanti gitt til Ørskog Sokn – saldo 31.12.2015 (utløpsdato: 28.08.2017, garantisum: kr 1.766.500)	kr 316.391

Note 5 Aksjar og andre finansielle anleggsmidler

Namn selskap	Balanseført verdi	Eigardel
KLP Forsikring	6 151 114	
Åknes/Taffjord Beredskap IKS	297 500	
Ålesund Kunnskapspark	101 500	
Midtnorsk senter for seniorutvikling AS	5 000	
Vekst Ørskog AS	300 000	100 %
Taffjord Kraft AS	10 080 000	2,52 %
Ørskog Energi AS	6 853 135	31,3 %
Andre selskap	120 630	

KLP Forsikring:

Det er kjøpt andelar i 2015 for kr 609.157.

Ørskog Breiband AS:

Aksjane i Ørskog Breiband AS vart vedtekne å selge til Nordvest Nett AS for kr 122.925 i 2015. Dette medførte eit bokført tap på kr 84.575.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 03.10.2016

SAK 19/16
DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I ØRSKOG KOMMUNE

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnader
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiding med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd er kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserer behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei overordna analyse basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og

temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats.

Det kan vere nyttig å ha ein idedugnad om kva tema som er mest relevant for ein forvaltningsrevisjon før planen bli ferdigstilt og behandla.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato:03.10.2016

SAK 20/16
EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisor, datert 25.01.2016

I følge forskrift om revisjon § 15, jf. kommunelova § 79, skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, utarbeide ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for oppdragsansvarleg revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som legg fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor og medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som svekker deira uavhengigheit eller objektivitet i gjennomføringa av revisjonen. Dette medfører m.a. at dei ikkje kan:

- Inneha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hos kommunen eller verksemd som kommunen har økonomisk interesse i;
- «delta i eller ha funksjonar i» anna verksemd, dersom dette er i konflikkt med rolla som revisor for kommunen.

Det blir elles vist til vedlagte erklæring punkt 1-8, som blir lagt fram for kontrollutvalet utan nærare kommentarar.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til kontrollutvalget

i Ørskog kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen) deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Ørskog kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Ørskog kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Ørskog kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Ørskog kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 25. januar 2016

Kjetil Bjørnsen

Oppdragsansvarlig revisor Ørskog kommune

KOMMUNEREVISJONSDISTRIKT NR. 3
I MØRE OG ROMSDAL

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato:03.10.2016

SAK 21/16
ORIENTERING OM PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLEG INNKJØP I
ØRSKOG KOMMUNE

Kontrollutvalet har gjennom fleire år og i mange saker arbeidd med dette temaet og nemner spesielt sak 13/13 om rammeavtalar og viser til heimesida. Det er naturleg å følgje opp dette temaet og det er ønskjeleg at rådmann/teknisk sjef kan gje ei orientering om avtalar på timepris.

Harald Rogne
dagleg leiar